

Referat DPS råd Nordhordland 17.09.2021

Tilstede:	Kristine Fanebust	Austrheim kommune
	Ingrid Hjertaas	Austrheim kommune
	Dag Haarklaau	Masfjorden kommune
	Jorunn Hårvik Brekkhus	Modalen kommune
	Anne Karin Haveland	Gulen kommune
	Anita Hatlem Villanger	Fedje Kommune
	Fredrik Hiis Bergh	Bjørgvin DPS
	Wenny Karin Bernes	Bjørgvin DPS
	Oddhild Lien	Bjørgvin DPS
	Audun Håvik	Bjørgvin DPS
	Randi Losnedal	Bjørgvin DPS
	Brede Aasen	Psykiatrisk klinikk

Frafall:	Vibeke Erstad	Alver kommune
	Hjørdis Dahle	Brukarutvalet

Agenda:

- Samansetning av DPS
- Vidare veiledning frå DPS
- Plan for digital samhandling
- Møteplan for vidare DPS råd, signalisere at me ynskjer møter x4/år.
- Skal Osterøy kommune delta på dette DPS rådet, eller annet råd?
- Andre saker

1. Det avklarast at Osterøy er tilknytt DPS på Tertnes og har eige DPS råd der.
2. Presentasjon av deltakarar, det er nokon nye sidan førre møte med DPS rådet.
3. Orientering om Bjørgvin DPS
 - Korleis dei er organiserte i Nordhordland og dei ulike avdelingane og teama, og kva tilbod dei har. (vedlegg Powerpoint)
 - Bjørgvin DPS er i dialog med FACT og ACT om å samarbeide om kveld og helge tilbod. AAT er tilgjengelege utover normal arbeidstid, men noko varierende.
 - Bjørgvin jobbar med å laga ein presentasjonsvideo om tilboda som finns, korleis ein blir møtt når ein kjem til avdelinga, første samtale, lenker til behandlingstilbod og sjølvhjelps verktøy. Det er ynskjeleg at pasientar fyller ut opplysningar, anamnese før dei kjem til avdelinga. Dette bidreg til at pasienten er meir forberedt, sikrar brukarmedverknad, samt at det er arbeidssparande for avdelinga.
 - Tall visar at Bjørgvin har hatt 25% auke i tilvisingar sidan 2019, dette kan skyldast pandemien.
4. Læring og meistringsarbeid
 - Undervisnings kveldar for pårørnde – 27.10.21 kor tema er SKAM
 - Innspel på om det er mogleg å streame eit slikt arrangement- kan då nå ut til fleire.
 - Det planleggast ein fagdag for AFR-DPS og kommunane- foreløpig er tema hemmeleg.
5. Veiledning
 - DPS vil sjå på dette og ta det vidare. Veiledninga gjekk diverre ut då Britt Heidi gjekk av.
 - Kommunane tykkjer dette har vært svært nyttig.
6. Samarbeid
 - Helsehuset er et godt grunnlag kor mange tenester er lokalisert, mange moglegheiter for tenesteutvikling. Rus og psykisk helse i kommunane – Alver har 85% av pasientane og er den største kommunen, det er gunstig å vere lokalisert i same bygg.
 - ØHD, er varierende bruk, men helst litt lite brukt.
 - AFR: skal ha ein behandlar i helsehuset 1 dag i veka foreløpig, mest sannsynleg frå neste veke.
 - Bjørgvin har godt samarbeid med private spesialistar.

- Digital samhandling er det ingen konkrete planar for, men ein har gjort seg nokon erfaringar under pandemien. Det er ingen begrensning digitalt, det er ei sikker løysing.

7. ROP

- Legar klagar på at ein får mykje avslag frå poliklinikk. Tall visar at avslag er redusert, men dette tas vidare. Viktig med gode tilvisingar.
- Det skal etablerast forløpsgrupper og det er ynskjeleg å ha ein representant frå kommunane. Ynskjeleg å ha ei gruppe i NH -Tertnes.

8. Klinikksjef psykiatrisk klinikk v/Brede Aasen

- Orienterer om at dei har hatt eit positivt møte med Alver kommune gjeldande avvik og at Alver ikkje har fått svar på avvik som er sendt. Avvika blei behandla men ikkje gitt tilbakemelding på. Dette har resultert i at det er oppretta eit samhandlingsteam og det er ynskjeleg at kommunane skal ha ei liste over namn/nr/e-post slik at samhandlinga er lettare. Brede gir all honnør til Alver kommune og at det blei ein god dialog.
- Orienterer om at Sandviken held på å oppgradera uteområda, noko som vil koma dei aller sjukaste spesielt til gode, i tillegg pussar dei opp avdelingar. Har fått kritikk for at avdelingane har vært lite sansestimulerande. Tilbakemeldingar har vært at pasientar opplever at dei kjem inn på eit hotell.
- Brede sit i alle DPS råda og for han vil det vere utfordrande og tidkrevjande og måtte dra heilt ut i distrikta.

9. Vanskeleg å rekruttera psykologar, fleire kommunar har vært utan psykolog lenge. Psykologprosjektet er spennande.

10. Det er no lenge sidan det har vært aktivitet i samarbeidsmøta mellom fagrådet og DPS rådet. Det avklarast å ha 4 møte i året. Me vil då ha ansvar for møta 2.hver gang, det inneber å ha ansvar for innkalling, agenda og referat.

Tidlegare har ein praktisert at møta har vært arrangert ute i distrikta med gjevne mellomrom, me blir i dag ikkje einige om me skal fortsetje med dette. Me har no fått Helsehuset i Knarvik som blir viktig at me nyttar oss av, og er ein flott møteplass for alle i regionen, for oss ute i distrikta kan det vere vel så viktig å få eit forhold til Helsehuset. Dette spørsmålet avklarast i neste møte.

DPS kalla inn til neste møte: fredag 03.12.21 kl 13-15

Anita Hatlem Villanger
Referent